



Referat FAU-møte 22.11.23

Tilstades:

Anne Gunn Feed Jakobsen, Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Elena M Sikveland, Serina F Sikveland, Ailin Skårland, Øyvind Søyland, Knut Undheim.

Godkjenning av innkalling og referat:

OK. Korrigerer møtedato på innkallinga.

Sak 2/23 Diverse skuledrift (frå rektor)

- Reflekskonkurrans: Fullført. Premiering v/foreldrefesten.
- Elev-/foreldreundersøking: Samtlege elevar har fått sjans å delta. Lagt ut til foreldra.
- Utviklingssamtalar: Nokre klassar er godt i gang. For andre klassar vert gjennomføringa noko utsett. Dette grunna mykje fråvær og høg belastning på resterande personal.
- Kyrkja har invitert til skulegudsteneste siste skuledag før jul onsdag 20.12. kl 09. Rektor vil som i fjor vektlegga kotyme (korleis ein oppfører seg i kyrkja) i førebuingane til besøket.
- Mellomtrinnet får avslutta 12.40 siste skuledag før jul. Same gjeld siste skuledag før sommaren.

Sak 9/23 Skyss

- Stadig utfordringar med logistikken som gjev lang ventetid for ein del elvar. Konkret har ein i seinare tid innvilga ekstra transport i retning Eikeland.
- Viktig at alle avvik vert melde snarast per mail til skulekonsulent Kristin Torsen som evt vidareformidlar til skuleskyssansvarleg i Time kommune (Monica Aga).
 - o kristin.torsen@time.kommune.no
- Viser elles til info under 'skyss' på skulen sine nettsider.

Sak 11/23 Skjermbruk/digital undervisning

- FAU går grundigare gjennom feltet og utarbeider forslag til tiltak. Dedikert eige FAU-møte til dette 09.01.24 kl 19 i mediateket.

Sak 12/23 Juleoppvisning.

- Eldrefest onsdag 13.12. kl 10-12.
Dørene opnar 09.30. Kr 100,- i inngangspengar (Vipps-nr FAU 586433).
8 personar (FAU-medlemmane må bidra med minst ein person kvar) møter kl 08.15 for rigg og servering. Same prosedyre som i fjor;
 - o dekk til 140 pers – service frå samfunnshuset
 - o graut (6 kartongar – 12 pakker)
 - o saft (4 flasker)
 - o smør (2 pakker)
 - o kaffi (4 posar)
 - o peparkaker (14 boksar)
- Julefest for elevar og foreldre/føresette torsdag 14.12. kl 18.
FAU møter 16.30.
Dugnad på festen frå foreldre/føresette: FAU, Tunheim og Eikeland.
FAU vedtek å endra innhaldet i dei klassiske papirposane der ein byter ut kakemann med 4 stk peparkaker samt at mandارينen vert fjerna (mindre populær/mange vert liggande att uoppetne).
 - o 270 posar (Dumle, Kindersjokolade, 4 peparkaker)
 - o 10 posar glutenfri (Mamba, Gump, glutenfritt kakealternativ?)
 - o juice (180 stk)
 - o kaffi (4 posar)
- Ailin bestiller og handlar inn på H-laget.

Sak 10/23 Inkomne saker

- 3. klasse: Usikkerhet omkring kontaktlærarsituasjonen kom brått på. Foreldre har opplevd klassen som velfungerande med nåverande lærar og er uroa for konsekvensane av byte midt i skuleåret. Skulen prøver heile tida å ha lærarar med rett kompetanse i klassane, og er glad for at Åse Ødemotland startar for fullt 01.01.24. Ho tek då over kontaktlæraransvaret i 3. klasse. Åse er allereie no inne i klassen to dagar i veka.
- 6. klasse: Avdelingsleiari er her midlertidig kontaktlærar. Skulen jobbar med å finna gode løysingar for denne klassen. Vidare prosess mellom skuleleiinga og klassekontaktane.
- 7. klasse: Mykje uro i foreldregruppa knytt til utsetjing av utviklingssamtalane. Skulen tek sjølvkritikk på at ein kunne vore endå tydelegare i informasjon ut til føresette.
Foreldre saknar tydeleg struktur når det gjeld lekser. Harmonisering med leksestrukturen elevane møter på Lye ungdomsskule? Konkret døme kan vera meir spesifikke leselekser. Enklare for foreldre å støtta opp under leksearbeidet.
- Lærarsituasjonen v/Undheim skule generelt: Beredskapsgruppemøte ang. bemanningssituasjonen på skulen. Skulen er inne i ein periode med høgt fråvær. I tillegg har ein per dags dato ein pedagog for lite. Utlysningar har vore ute i fleire omgangar, men det viser seg vanskeleg å rekruttera og behalda lærarar ved skulen.
Refleksjon rundt årsaker: Undheim er etter flyttinga av ungdomstrinnet ein liten 1.-7.-skule med ditto personalgruppe/fagmiljø. Læruddanninga er no meir innretta mot fagleg spesialisering inkl mastergrader og nyutdanna pedagogar virkar å aspirera meir mot faglærarstillingar/ungdomsskule/VGS

og andre yrker. Lokale og nasjonale skulepolitiske prioriteringar kan dermed i vesentleg grad forklara uføret ein står i. Arena for tilbakemelding til det politiske miljøet er heller ikkje lett tilgjengeleg. Til dømes har ein hausten-23 verken hatt SU med politiskar tilstades eller kommunalt FAU-møte. Rekrutteringsproblematikken vert eiga sak på neste SU/SMU møte.

- Tendens til konflikt mellom elevar ved Lye og Tryggheim ungdomsskule virkar dessverre å prega det lokale ungdomsmiljøet til ei viss grad. Ein har òg sett at spørsmålet om val av ungdomsskule opptek yngre elevar heilt ned til 3. trinn. FAU vil oppmoda føresette til å vera obs på dette og snakka konstruktivt med borna sine om respekt for andre sine val.
- Møteskikk: FAU vil stadig oppmoda føresette på dei ulike trinna om å tilstreba god og minneleg tone i samband med foreldremøta slik at miljøet kan opplevast trygt og løysingsorientert.

Referent Knut Undheim, sekretær FAU